



Petter Hogne Fosse
Skarsvegen 362
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2916 - 17/35679

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
18.12.2017

Orientering om uttale i saka - gbnr 145/4 Fosse indre

Administrasjonen syner til søknad om arealoverføring.
Søknaden er sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland. Det er gjeve slik uttale i saka:

«Fylkesmannen viser til at det omsøkte område er fulldyrka mark i følgje registrering i NIBIO. Det er eit nasjonalt mål å omdisponera så lite dyrka eller dyrkbar mark som mogleg, og Fylkesmannen er i utgangspunktet kritisk til slik omdisponering.

Fylkesmannen har forståing for at søkjar ynskjer å betre tilkomsten til eigen eigedom og bustad, men det omsøkte området verkar unødig stort for å få til dette. Vi meiner det bør vere mogleg å få til ein tenleg tilkomst til bustaden utan å omdisponera så mykje fulldyrka jord. Store deler av eigedom gnr. 145 bnr. 25 er til dømes også registrert som fulldyrka mark, og om det er mogleg å få til eit tenleg makebytte kan det etter vårt syn vere ei god løysing.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til arealoverføring slik søknaden no ligg føre.»

Det er i uttale i frå Fylkesmannen bedt om at ein reduserer arealet for å sikre dyrkbar mark i området. Vi ber om at De vurderer uttale i frå Fylkesmannen og ei tilbakemelding på om De ynskjer søknaden handsama slik den ligg føre.

Frist for å melde i frå til kommunen vert satt til **15.01.18**.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Petter Hogne Fosse

Skarsvegen 362 5911

ALVERSUND